



Telefon 90680100
Adresse: Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES
Orgnr: 985 868 344 mva

DYRKOLBOTN FJELLSTOVE

Leirskole og gjestehus

Lindås kommune

Adresse: Postmottak@lindas.kommune.no

Vikanes, 03.11.2016

KRAV OM TILBAKEBETALING AV BYGGESAKSGEBYR – sak 15/3856

Takk for fristforlenging til i dag med å kommentere dykkar brev datert 24.10.2016.

Fyrst vil eg bemerke at dette ikkje er ei klagesak førebels. Saka gjeld heller ikkje ilegging av byggesaksgebyr. Eg antek at gebyra dykkar er korrekte, og eg har betalt dei alle. Derimot gjeld saka eit krav om tilbakebetaling av gebyr pga fristoversitjing. Det er ei eiga sak på eige lovgrunnlag, som eg har bedt om at kommunen vurderer og gjer vedtak i.

Dinest vil eg korrigere ein faktafeil i dykkar brev datert 24.10.2016:

Vedtak om avvising vart ikkje gjort 07.01.2016. Eg held fast ved at avvissingsvedtaket vart gjort 04.02.2016. Fylkesmannen støttar mi oppfatning, sjå vedtak av 27. juli 2016: «Fylkesmannen legg til grunn at det er brevet av 04.02.2016 som må sjåast på som sjølv avvisningsvedtaket» Før avvissingsvedtaket har kommunen difor brukt om lag 4 veker av si sakshandsamingstid (Frå 29.12.2015, men fråtrekt tid til å supplere søknaden mellom 7. og 15 januar)

Tolking av lov og forskrifter om sakshandsamingsfrist:

Kommunen viser til eit sitat i «veiledning til SAK 10» frå direktoratet for byggkvalitet, og hevdar at kommunen sin sakshandsamingsfrist på 12 veker ikkje vart broten avdi det har skjedd ei klagehandsaming i mellomtida. Sitatet frå direktoratet lyder: «*En kommune skal ikke tilbakebetale byggesaksgebyr der kommunen først treffer et vedtak innenfor fristen på 12 uker, hvor derette vedtaket blir opphevet etter klagebehandling*».

Til dette er å svare: Kommunen dreg sitatet frå direktoratet for langt om den tolkar sitatet slik at sakshandsamingstida på 12 veker skal starte opp att frå null etter at fylkesmannen har oppheva det ugyldige avvissingsvedtaket. I beste fall – sett frå kommunen si side -, meiner direktoratet at fristen held fram med å gå der den stogga opp på grunn av klagesaka.

Men eg vil anføre: Eit sitatet frå direktoratet har lav rettskilderang, og kan ikkje tillegast vekt dersom det innskrenkar rettar som innbyggjarane har fått i lover og forskrifter. Det står ingen ting i lov eller forskrift om at ei klagesak fører til fristforlenging. Sitatet ovanfor er synsing frå direktoratet, og denne synsinga skil ikkje mellom ulike situasjonar i klagesaker, slik det bør gjerast. Difor gjev sitatet frå direktoratet berre uttrykk for ei meining, som då må vegast opp mot andre meiningar og framfor alt lovens ordlyd og føremål.

Derimot gjeld Forvaltningsforskriften (Fvl-F) av 15.12.2006 kapittel 9 om «beregning av saksbehandlingsfrister» for vår sak. I Fvl-F §§ 38 og 39 vert det formulert eit prinsipp om at

forvaltninga/kommunen kan få fristforlenging dersom kommunen ikkje har skuld i at sakshandsaminga tek for lang tid. Det står ikkje noko om at klagesaker generelt alltid fører til fristforlenging. Tvert imot seier § 39: *Dersom saksbehandlingen blir forsinket på grunn av særegne forhold som forvaltningsorganet ikke kan klandres for, løper ikke fristen så lenge forsinkelsen varer*». Denne regelen meiner eg må tolkast antitetisk. Det vil sei: Fristforlenging kan ikkje krevast når forseinkinga skuldast at kommunen har gjort noko galt/klanderverdig. Som til dømes eit ugyldig vedtak på grunn av feil lovforståing av Pbl § 21-6, såkalla materiell kompetansemangel.

Bemerk også § 42 i Fvl-F: *«Reglene i dette kapitlet bør ikke fravikes i forskrift om saksbehandlingsfrist etter forvaltningsloven § 11b første punktum med mindre det foreligger et særlig behov for dette*». Dette betyr at eventuelle unntak frå Fvl-F skal vere godt begrunna i «særlige behov» og tydeleg formulert i forskrifts form frå eit sær-departement. Det har ikkje skjedd i SAK10, som ikkje seier noko om vår situasjon. Sitatet frå direktoratet si vegledning til SAK10 kan vi dermed sjå bort frå. Det er berre Fvl-F § 39 som er direkte relevant for vår situasjon.

Det verkar faktisk ikkje som direktoratet for byggkvalitet er merksam på heile Fvl-F, ettersom direktoratet berre viser til rundskriv H-13/04 frå 2004, som igjen viser til ein forskrift av 8. september 2000 om beregning av sakshandsamingsfrister og seier at denne er gjeldande. Men forskrifta frå 2000 er faktisk ikkje gjeldande lenger. Den vart trekt attende då den nye forskrifta til forvaltningslova vart vedteken i 2006.

PRINSIPALT meiner eg difor at heile sakshandsamingstida frå 29.12.2015 til vedtak 21.09.2016 skal reknast som sakshandsamingstid (minus 8 dagar). Tidsfristen er då meget langt overskriden.

SUBSIDLÆRT meiner eg at fristen i alle tilfelle er broten, sjølv om ein dreg ifrå fylkesmannsn si sakshandsamingstid, og dreg ifrå kommunen si normerte maxtid til klagesakshandsaming. Slik vert då mitt subsidiære reknestykket:

1 veke+2 dager	29.12.2015 – 07.01.16	«Tid som brukes til å vurdere om søknaden er klar til å behandles må regnes med i fristen på 12 uker» i fylgje rundskriv H-13/04
0	07.01 – 15.01.2016	Tid som ansvarleg søkjar brukte frå 7/1 og til naboprotest var innsendt og kommentert, skal ikkje medreknast.
2 veker+6 dagar	15.01 – 04.02.2016	Kommunal sakshandsamingstid fram til avvisningsvedtak
1 veke+5 dagar	25.02 – 04.05.2016	Frist for handsaming av klage er 8 veker for kommunen, Men 9 veker og 6 dagar vart brukt (Den 6. dagen brukte underteikna, difor 5 dagar). Tid utover 8 veker kan i alle fall umogleg krevast fristforlenging for.
8 veker	27.07 – 21.09.2016	Tid frå fylkesmannsvedtaket til vedtak om byggeløyve. At ikkje kommunen mottok fylkesmannsvedtaket før 08.08 er pussig. Det skuldast kanskje sommarferie i postavdelinga? Men uansett står det ingen stad at kommunen kan godskrive seg lang tid til postgang mellom offentlege etatar til fristforlenging i byggesaker.
SUM	13 veker+6 dagar.	Som gjev ei fristoverskriding på 1 veke+6 dagar (min subsidiære påstand)

Venleg helsing

Signhild Dyrkolbotn
Tiltakshavar